



Austevoll kommune

Fiskeridepartementet

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
12.02.2016	Ruth Larsen	15/1691 - 4	

Melding om vedtak Høring av forslag til innretting av havbruksfondet

Kommunestyre handsama ovannemnde sak i møte den 04.02.2016, sak 015/16.

Det vart gjort følgjande vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek følgjande uttale vedk. høring om innretning på havbruksfondet:

Fordelingsnøkkel for utrekning av kommunane sin del av vederlaget bør vere basert på den einskilde kommune sin del av total lokalitetskapasitet (total MTB på lokalitetsnivå). Austevoll kommune meiner dette er ei fordeling som sikrar at kommunar som har lagt til rette for havbruksaktivitet blir tilgodesett med ein rettvis del av midlane. Dette vil også vere ei ordning som er enkel å forvalte.

Austevoll kommunestyre meiner den mest føremålstenelege ordninga for tildeling av midlar, er utbetaling med ein gong vederlag for auka kapasitet er betalt inn. Dette er også ei ordning som vil vere enkel å forvalte. Ordninga sikrar også at midlane vert tekne i bruk og den overlet ei eventuell forvaltning til den einskilde kommune.

Spørsmål til saka kan rettast til Ruth Larsen tlf. 55 08 12 02 eller til postmottak@ austevoll.kommune.no.

Med helsing
Servicekontoret

Astrid Norunn Fagerbakke
Leiar

Dette dokument er elektronisk godkjent og treng difor ikkje underskrift.

Mottakarar av brevet:

Fiskeridepartementet

Ruth Larsen